

## **Herredshuset på Fauske**

Fleirtalet i kommunestyret har vedtatt å rive det gamle Rådhuset på Fauske.(Som for meg alltid vil vere Herredshuset). Det er lov å tenke ein gong til!

Dersom det er nødvendig å rive for å vere à jour med tekniske krav til nye bygg, må det meste som bygges jamnes med jorda kvart 15. år. Fauske har sett seg råd til å ta vare på Leivsethuset og Knurvikhuset frå den gamle fiskar-bondekulturen på 1700- og 1800-talet og Teletunet frå 1920, da dei som stod for utbygging av offentlig infrastruktur også hadde sans for det vakre. Det bør vere rom for å ta vare på og fortsette å bruke også dette stilreine signalbygget midt i Fauske sentrum, eit monument over optimisme og soliditet i den første etterkrigstida. Arkitekturen er ikkje som brutalismen frå seinare tiår. Ein sjellaus handlehangar er for eksempel tillate bygd rett attmed Bygdetunet og Teletunet. Skal dette bli malen for nødvendig oppgradering av Fauske sentrum?

Det må ha vore i jula 1952, før den offisielle opninga av det nye Herredshuset, at ungane på Fauske var invitert til jultrefest i inngangshallen. Søyler og trapp i stein opp til gesimsen i 2. etasje rundt hallen med lyset inn frå toppen – ein pust av den nye tid! For ein åtteåring berre overgått av kinoen med vestibylen og den breie trappa ned. Luksus etter losjelokalet nede i gata. I nykinoen var minneverdige revyar, turnmarked, konserter, debattkveldar – og mange dårlige og noen gode filmar i tiåret fram mot vaksen alder.

For meg har det som skjer med Herredshuset ein ekstra dimensjon. Just her på brinken over fjorden var mi slekts gardstun i fire generasjoner, frå 1830-talet og til 22.mai 1940 da Hitlers bombefly på dramtisk vis gjorde dette til ei branntomt og sletta ut mine foreldres våningshus, fjøs og "gammeltrykkeriet" til min fars grandonkel, Johan Persa'. Derfor blei min oppvekst i øverbygda nærmare Kirkeveien og "Svengen". Men bruksnummer 6 på Fauske har den dag i dag namnet, "Nerigarn" etter det gamle tunet nedst mot Fauskevika.

Seinare har eg alltid vore stolt over at det var dette viktige praktskygget for Fauske som fikk plassen der mi slekt hadde heldt til, men som min familie blei fordreve frå etter raseringa i 1940. For Fauskes skyld bør bygget ovafor Fauskegata denne gongen få stå.

Brigt Kristensen

Fauskepatriot